




VAL

Stortings- og
sametingsvalet 2025

Nynorsk

Viktig informasjon til deg som skal røyste

Valdagen er 8. september. Hugs legitimasjon.



valg.no

VALGdirektoratet

Stortings- og sametingsvalet 2025

Kvart fjerde år vel vi kven som skal representere oss på Stortinget. Dei viktigaste oppgåvene til Stortinget er å vedta lover, bestemme statsbudsjettet og kontrollere regjeringa.

Sametinget er det folkevalde parlamentet til det samiske folket i Noreg, oger eit sjølvstendig folkevalt organ. Du kan lese meir om sametingsvalet på sametinget.no.

I denne brosjyren finn du informasjon om stortingsvalet og korleis du røystar.

Valdagen er måndag 8. september 2025.

I mange kommunar kan du også røyste søndag 7. september. Du kan førehandsrøyste kor som helst i landet frå 11. august til 5. september. **Hugs legitimasjon.**



Hugs legitimasjon når du røystar

Du må vise legitimasjon når du skal røyste. Legitimasjonen må innehalde namn, fødselsdato og bilete, og kan til dømes vere pass, nasjonalt ID-kort, førarkort eller bankkort med bilete.

Dersom du er på ein institusjon som t.d. ein sjukeheim, sjukehus eller i fengsel, kan du få ein tilsett til å stadfeste identiteten din. Den tilsette må då legitimere seg.



Kven kan røyste?

Du har røysterett ved stortingsvalet dersom du

- er norsk statsborgar
- har fylt 18 år innan utgangen av 2025
- er, eller har vore, folkeregistrert som busett i Noreg



Når og kor kan du røyste?

Du kan førehandsrøyste frå og med måndag 11. august fram til og med fredag 5. september i kva som helst kommune.

På valdagen må du røyste i kommunen du er folkeregistrert som busett i per 30. juni 2025. Du kan røyste i kva som helst vallokale i kommunen.

Har du ikkje høve til å røyste på valdagen eller i perioden for førehandsrøysting? Då kan du be kommunen din om å få røyste tidleg frå og med 1. juli.

Det er også mogleg å røyste frå utlandet frå og med 1. juli fram til og med 29. august.




Finn vallokalet ditt på **valglokaler.no**

Slik røystar du i heimkommunen din




Ta røystesetelen du ønskjer å bruke.




Brett røystesetlane med partinamnet inn og feltet for stemping ut – då kan ingen sjå kva du røystar.

Ikkje ha røystesetelen i konvolutt eller anna omslag.



Gå til ein valfunksjonær for å få eit stempel på utsida av røystesetelen. Dette er viktig for at røystesetelen skal bli godkjend.



Legg røystesetelen i valurna.



Slik røystar du utanfor eigen kommune

Dersom du røystar utanfor heimkommunen din, får du ein røystesetel med namna på dei registrerte politiske partia som fekk minst 5000 røyster i heile landet ved førre stortingsval, eller som har blitt registrerte etter førre stortingsval. Kryss av for partiet du ønskjer å røyste på. Røystesetelen inneheld ikkje namna på partikandidatane.

Dersom røystesetelen ikkje inneheld partiet eller gruppa du ønskjer å røyste på, kan du skrive inn namnet på partiet eller gruppa for hand.

Røysta blir send til heimkommunen din for oppteljing.

Viss du er sjuk eller ufør, kan du kontakte kommunen for å få førehandsrøyste heime. Fristen for å søkje om å få røyste heime, er torsdag 4. september klokka 12.

Hjelp til å røyste i vallokalet

Ta kontakt med ein valmedarbeidar dersom du har spørsmål eller treng rettleiing når du skal røyste. Valmedarbeidarane har teieplikt.

Dersom du har ei funksjonsnedsetjing som gjer at du ikkje klarer å røyste på eiga hand, har du rett på hjelp. Du kan få hjelp til å røyste av ein valmedarbeidar eller ein annan person du sjølv peiker ut.

Informasjon om røysterett

Alle med røysterett får tilsendt informasjon frå Valdirektoratet. Her får du ei stadfesting på at du har røysterett. Der står det også kor og når du kan røyste på valdagen, og annan relevant informasjon.

Informasjonen blir send til den digitale postkassa di eller Altinn. Dersom du har reservert deg mot digital kommunikasjon med det offentlege, eller du ikkje har nytta ID-porten på 18 månader, får du tilsendt informasjonen på papir.

Kontakt kommunen din dersom du ikkje har fått informasjonen, eller du er usikker på om du har røysterett.

Det blei tidlegare sendt ut valkort til alle veljarar. Denne ordninga er avvikla. Frå og med stortingsvalet 2025 blir det ikkje sendt ut valkort til veljarane. Du treng berre ta med deg legitimasjon for å røyste.

Du finn meir informasjon på **valg.no**

Kven blir vald?

Ved stortingsval blir det valt 169 representantar til Stortinget fordelt på 19 valdistrikt. 150 av representantane blir valde direkte frå valdistrikta. I tillegg blir det valt 19 utjamningsmandat: eitt frå kvart valdistrikt.

Når du røystar ved stortingsvalet, er du med på å avgjere kven dei 169 representantane skal vere.

Hemmeleg val

Valet er hemmeleg. Det betyr at du skal velje ein røystesetel og brette han på eiga hand, utan at nokon andre ser det. Hemmeleg val gir deg høve til å uttrykkje di meining utan frykt for at andre skal få vite kva du har røysta.

Gitt ut 2025 av valdirektoratet.
Publikasjonen er tilgjengeleg på bokmål, nynorsk, samisk og ti andre språk.

Du finn meir informasjon om valet på **valg.no**



Skann QR-koden for å lese brosjyren på andre språk.